

Norsk kulturråd

Årsmelding



1986

11

12

13

14

15

Norsk kulturråd legg med dette fram årsmeldinga for 1986. Meldinga har i år fått ei anna utforming og er redigert annleis enn tidlegare meldingar. Dette heng saman med at årsmeldinga ikkje lenger er ein del av Stortingsmeldinga om arbeid i råd, utval og fond på kulturområdet. I tillegg vonar rådet at meldinga i den nye forma kan vere med på å betre informasjonen om Kulturfondet og det arbeidet rådet gjer.

Nytt samanlikna med tidlegare meldingar er avsnittet om rådets fråsegner. Her er teke med eit lite samandrag av innhaldet i alle dei fråsegnene rådet har kome med i 1986. Nokre av fråsegnene er så korte at heile teksta er teke med.

Vidare er det innanfor kvart fagområde gitt eit kort og summarisk oversyn over disponeringa av fondsmidlane, i tillegg til ei omtale av viktige saker på kvart einskild område.


Det er i meldinga også teke med ei oversikt over dei tilsette i rådets administrasjon.

Bak i meldinga finn ein samla oversyn over alle innkjøp av bøker innanfor dei to innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og nye barne- og ungdomsbøker, og innkjøpa av LP-plater innanfor forsøksordninga med innkjøp av nye norske fonogram. Dessutan er det lister over alle enkeltløyvingar innanfor kvart fagområde.

Innhald

Formannen har ordet	3
Hovudtrekk ved verksemda i 1986	4
Fråsegnene frå rådet	5
Disponeringa av Kulturfondet	8
Hovudfordeling	8
Litteratur	10
Musikk	12
Biletkunst og kunsthåndverk	14
Kulturvern	16
Samisk kultur	18
Tidsskrift	20
Kulturbygg	21
Andre formål, barnekultur	22
Utal, utgreiingar og publikasjonar	24
Administrasjon	25
Prisvinnarar 1986	26
Råd og utval, (faste og mellombels)	27
Kontakt med andre organ	29
Rådets administrasjon	29
Vedtekter, retningslinjer og reglement	30
Løyvingar og innkjøp	32
Litteratur	32
Tidsskrift	38
Musikk	38
Biletkunst og kunsthåndverk	40
Kulturvern	44
Samiske kulturformål	45
Kulturbygg	47
Andre formål, inkl. barnekultur	47

Formannen har ordet



Årsmeldinga for 1986 gir eit godt bilete av mangfaldet i verksemda til Norsk kulturråd. Og dette mangfaldet er med på å gjere arbeidet med dei ulike sakene interessant.

Men i Kulturrådet er ein først og framst oppteken av framtida. Vi må spørje oss sjølve kva verknad dei vedtak rådet gjer vil ha for åra som kjem. Eit anna vitalt spørsmål er: Kva planar har vi for framtida?

Til det første spørsmålet kan vi seie at mest alle våre vedtak er framtidsretta, anten det gjeld t.d. tilskott til ein biletkunstnar som skal ha debututstilling, eller om det gjeld ei løyving for å verna ein bygning. Løyvinga til biletkunstnaren er med på å få kunstnaren fram i lyset, - og kan hende blir ein av dei som fekk tilskott i 1986 ein av våre meir kjende kunstnarar om nokre år? På same viset ville kan hende ein verneverdig bygning forfalle eller bli riven utan ei løyving frå Kulturrådet.

Nokre av vedtaka har klårt meir langtidverknad enn andre. Eit dø-

me på det er opprettinga av KIK, Kunsternes Informasjons- kontor, som vi ventar oss mykje av. I framtida vil KIK få mykje å seie for alle biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar. Eit anna døme er vedtaket om å starte ein ny plateserie i Kulturrådets regi, med musikk av norske komponistar i den såkalla mellomgenerasjonen. Her vil ein få fram musikk som elles vil falle mellom Kulturrådets Klassikerserie og innspelingane av norsk samtidsmusikk.

Framfor alt trur eg at 1986 vil bli hugsa som det året då Kulturrådet satsa på sterkare prioritering av barnekulturen. For første gong vart det oppretta ei eiga avsetjing til barnekulturtiltak. Dette er seinare følgt opp av Kultur- og vitskapsdepartementet og Stortinget, med ei særskild løyving til Kulturfondet på 5 mill kr for 1987 som skal gå til arbeid for barne- og ungdomskultur. Her er det mange uløyste oppgåver. Korleis ein skal prioritera på dette feltet vil m.a. bli drøfta på ein planlagd barnekulturkonferanse i Haugesund i mai 1987. Rådet vurderer også å arrangere ei barnekulturveke hausten same år. Tiltaket Ungdommens Kulturmønstring er også eit uttrykk for denne sat- singa. Her vil mønstringa i 1987 dreie seg om musikk, medan oppfølginga i 1988 og 1989 vil ha teater/dans og biletkunst som tema.

Elles kan ein nemne at rådet førebur eit møte med Grunnskolerådet om kultur i skolen. Vidare reknar ein med at samarbeidet med reiselivsorganisasjonane vil bli meir formalisert, til nytte for både kulturen og reiselivet. I 1987 vil rådet dessutan ta stilling til innstillingane frå to utval rådet har hatt i arbeid. Dei har greidd ut spørsmåla om eventuell

skiping av eit nytt ballettensemble og eit nytt musikkteater i Noreg.

Kulturrådet har også andre ballar i lufta for 1987, så eg ser fram til eit spanande år, sjølv om rammene for budsjettet er altfor tronge. Vi får sette vår lit til ein del fleire Lotto-pengar for 1988.

Oddvar S. Kvam

Hovudtrekk ved verksemda i 1986

1986 har på fleire vis vore eit aktivt år for Norsk kulturråd. Rådet hand- sama fleire søknader enn nokon gong tidlegare og det har avslutta viktige utgreiingsoppgåver og starta andre. Rådet auka også innsatsen på område som t.d. barnekultur, tids- skrift, kulturstatistikk og teknisk/in- dustrielt kulturvern. Rådet gav frå- segner i 11 saker, m.a. om så ulike tema som personskattlegging, kul- turformidling i NRK og faglitteratu- rens stilling i Noreg. Det gjennom- førte ein ny barnebokaksjon hausten 1986, og rådet var ein aktiv medspe- lar i fleire konferansar. Interessant i den samanhengen er kontakten som er etablert mellom kulturlivet og reiselivsbransjen.

Innanfor den løyvinga som var gitt for 1986 var det likevel vanskeleg å makte alle dei oppgåvene som Stor- tinget har lagt på fondet. Ei rad gode søknader har rådet ikkje kunna inn- vilge av økonomiske årsaker, og det har vore umogeleg for både råd og administrasjon å følgje opp prosjekt og ta nye initiativ i den grad som ein gjerne skulle ønskje.

Den høgast prioriterte oppgåva for rådet var også i 1986 å halde oppe *innkjøpsordningane* for ny norsk skjønnlitteratur, med automatisk innkjøp i samsvar med Stortingets føresetnader. Ordningane har - endå ein gong - vorte offentleg debatterte. Det har kome kritikk både fordi einskilde bøker er innkjøpte, og på grunn av det motsette. Rådet har likevel inntrykk av at ordningane fungerer rimeleg bra og kan registre- re at det i 1986 har kome ut fleire bøker enn ein rekna med. Sær- sleg er det at talet på nye barne- og ungdomsbøker har auka.

Dette siste har likevel gjort at ord- ningane har teke meir av fondsmid-

lane enn det var lagt opp til i bud- sjettet. Det går igjen ut over midlane til andre formål. Dei faste tilskotts- ordningane er såleis eit generelt pro- blem av di dei bind store delar av midlane i Kulturfondet og set tronge grenser for den handlefridommen som rådet gjerne skulle ha.

Det er elles verdt å merke seg at rådet har fått avslutta utgreiingsar- beidet om faglitteraturens stilling i Noreg og gitt ei lengre fråsegn om den til Kultur- og vitskapsdeparte- mentet.

På musikkområdet har rådet starta ein ny serie plateutgjevingar med musikk, mest ifrå perioden 1920 - 1960. Denne serien vil binde saman Kulturrådets Klassikarserie og Norsk Komponistforenings serie med ny musikk.

Eit tre-årig prøveprosjekt med «Kunstnernes Informasjonskontor», KIK, har kome i sving med midlar frå Kulturfondet. Kontoret skal på landsbasis gi informasjon om bilet- kunst og kunsthåndverk og om kunstnarar på desse områda.

På kulturvernsektoren er det dei tek- niske og industrielle kulturminna som kan nemnast som særskild inn- satsområde frå 1986. Rådet har eit eige utval i arbeid for å få utarbeidd ein plan for vern av slike kulturmin- ne.

Innanfor samisk kulturområde har det vore ein gledeleg auke i aktivite- tane. Dette gjeld ikkje minst søkna- dene om tilskott til bokutgjevingar og til å lage teiknefilm og video- produksjonar for samiske born. Her har det likevel ikkje vore resursar nok til å følgje opp så mykje som ein skulle ønskje. For neste år tek rådet sikte på å gi noko større rom for tilskott til samiske formål.

Elles har det vore ei kjend sak at Kulturfondet er altfor lite til å kunne ta hand om alle søknadene om til- skott til kulturbygg. Dette problemet var like stort i 1986. Ei særskild øyre- merking av 5 mill kr til kulturbygg for 1987 vil ikkje kunne dekkje det store behovet, som i 1986 var meir enn 10 gonger så stort som denne ekstraløyvinga.

Innanfor rådets disposisjonspost, Andre formål, er det gitt tilskott til fleire interessante forsøksprosjekt på teater- sektoren. Vidare er det av denne posten for første gong avsett ein større sum til barnekulturtiltak. Av tiltak i 1986 kan nemnast ein vellukka repetisjon av bokaksjonen «Barn bøker = bra», som vart mykje omtala. Rådet har også starta føre- buinga av ein større konferanse om barn og kultur, som skal arrangerast i 1987. I det heile er dette eit av dei områda som Kulturrådet vil priorite- re ekstra sterkt i tida som kjem.

Norsk kulturfond høyrer ikkje med blant dei største utgiftspostane på landets kulturbudsjett. Men rådets verksemd og disponeringa av fondet er likevel viktig for mykje av det som skjer i kulturlivet, både ved dei til- skotta rådet gir, og ved den oversikta over kulturlandskapet som rådet har.

Skal Kulturrådet kunne spele ei ak- tiv rolle som idéskapar og initiativta- kar i norsk kulturliv, slik føresetna- den er og slik rådet har ønske om, kjem ein ikkje bort frå at det trengst fleire resursar til fondet og til admi- nistrasjonen av dette. Rådet har m.a. peika på at statens Lotto-inn- tekter i større mon kan kome kultur- livet til gode ved å auke Kulturfon- det. Kan vi forstå Stortingets ekstra- løyving til barnekultur og kulturbygg for 1987 som ein god og gledeleg start på ei slik utvikling?

Fråsegnene frå rådet

Ei hovudoppgåve for Norsk kulturråd er å vere eit rådgjevande organ for Kultur- og vitskapsdepartementet i kulturspørsmål. Såleis får rådet ei rekkje saker til fråsegn i løpet av eit år. Men også andre instansar kan be om å få høyre Kulturrådet si meining i ei bestemt sak. I slike høve står rådet friare til å gje ei fråsegn eller la det vere.

I 1986 har Norsk kulturråd uttala seg om følgjande saker:

Stipend til samiske forfattarar

Kultur- og vitskapsdepartementet ba om rådet si meining om å etablere ei særskilt stipendordning for samiske forfattarar i Noreg.

Rådet uttala følgjande:

«Med utgangspunkt i kjennskap til behovet for samisk original skjønnlitteratur og forfatternes arbeidsvilkår, anbefaler Norsk kulturråd at man finner fram til en høvelig ordning med øremerkede stipend til samiske forfattere.»

Samisk kultur og utdanning

Kultur- og vitskapsdepartementet ba om rådet si meining om NOU 1985:14 Samisk kultur og utdanning. Rådet sa i fråsegna m.a.:

Samisk språk og kultur har same verdi for det samiske folk som norsk språk og kultur har for nordmenn generelt. Samisk og norsk er språk

med lik verdi og må bli jamstelte som offisielle språk i ein ny samisk språklov.

For å byggje opp ein gjensidig toleranse og fremje likeverd og jamstelling, meiner rådet at opplæring i samisk språk og innføring i samisk kultur og kvardag bør vere ein rett for alle som bur i landet. Statlege løyvingar til samiske kommunar, samiske institusjonar og organisasjonar som arbeider med saker som er viktige for samisk språk og kultur, må bli mangedobla i åra framover dersom ein skal lukkast med intensjonane i innstillinga, nemleg å fremje samisk språk og kultur.

Unge innvandrarar i Noreg

Kultur- og vitskapsdepartementet ba om rådet si meining om utgreiinga NOU 1985:29 Unge innvandrere i Norge. Rådet gir m.a. uttrykk for at utgreiinga for det meste drøfter spørsmål som ligg utanfor Norsk kulturråd sitt ansvarsområdet, men seier m.a.:

«Norsk kulturråd anser deres (innvandrernes) behov og problemer på

kulturområdet som en del av sitt ansvarsområde. Norsk kulturråd ønsker at det arbeides videre med de spørsmål som knytter seg til ansvar og innsats med hensyn til innvandrernes behov og problemer på kulturområdet. Rådet er innstilt på at rådets oppmerksomhet og engasjement i forhold til disse gruppene vil komme til å bli sterkere. Men det er vanskelig for Kulturrådet å sette inn mer i denne sammenheng med de resurser rådet nå disponerer.»


Faglitteraturens stilling i Noreg

På bakgrunn av ein merknad i Kyrkje- og undervisningskomiteens innstilling til statsbudsjettet for 1985, tok Kulturrådet hausten 1984 initiativ til ei utgreiing om faglitteraturens stilling i Noreg. Innstillinga vart lagd fram våren 1986 og vart sendt ut på høring. Etter dette vedtok rådet ei lengre fråsegn til Kultur- og vitskapsdepartementet om saka og la då m.a. vekt på:

Norsk faglitteraturs stilling må bli betre. Det offentlege må nå ta ansvar for denne delen av litteraturen, på

Kulturrådet har i 1986 gitt fråsegner både om stipend til samiske forfattarar, om fagplanar for samiske barn i grunnskulen og om samisk kultur og utdanning generelt. Samisk og norsk er språk med lik verdi og må bli jamstelte som offisielle språk i ein ny samisk språklov, seier rådet m.a. Samisk teater har òg ved fleire høve fått tilskott frå Kulturfondet. (Foto: Helge Sundel/Samfoto)





Det hastar med ei avklaring på planane om å opprette eit Nasjonalbibliotek, meiner Kulturrådet. Dette må føre til ei deling av Universitetsbiblioteket sine oppgåver og ei auka tilføring av resursar både til UB og Nasjonalbiblioteket. (Foto: NTB)

same vis som da Norsk kulturråd vart oppretta for å ta ansvar for norsk diktning. På særskilte område innan faglitteraturen er det naudsynt med store økonomiske innsatsar berre for å halde ved like den produksjonen som finst i dag og som er for liten som han er.

Rådet sa seg i all hovudsak samd med utvalet sine konklusjonar. Her blir det m.a. sagt at det trengst 236 mill kroner til faglitteraturen i 1987, ein auke på om lag 137 mill frå 1986. Det vart peika på at det er særleg faglitteratur/lærebøker til grunnskulen og til fag- og forskingsbiblioteka som treng fornying. Av andre og nye tiltak blir tilskott til faglitteratur for barn, også funksjonshemma barn, til produksjon av faglitteratur i vidaregåande opplæring, universitets- og høgskolenivå og til vaksenopplæring og anna etterutdanning nemnd.

Dessutan vart det i utgreiinga sett fram forslag om å auke talet på arbeidsstipend til faglitterære forfattarar, midlar til omsetjing av faglitteratur frå og til norsk, til essayistikk og informasjonslitteratur, og til kvinnelitteratur. Utanom dette er det i følgje utgreiinga behov for ein offentleg særinnsats for lære- bøker i grunnskulen på i alt 850 mill kroner dei tre næraste åra.

Bransjeavtalen for bokomsetning

På grunnlag av eit notat frå Prisdirektoratet om «Bransjeavtalen for bokomsetning,» vedtok Kulturrådet ei lengre fråsegn om inn- haldet i og verknadene av Prisdirektoratets framlegg. I fråsegna blir det m.a. sagt:

«...En opphevelse av avtalen og fastprissystemet vil etter rådets mening ha ytterst alvorlige skadevirkninger, ikke bare for bokhandel og forlag, men for litteraturen selv og dermed både for publikum og forfattere ...

...de uheldige virkningene av dagens Bransjeavtale for bokomsetning vil langt overskygges av de skadevirkninger man vil få ved en oppheving

av denne avtalen. Kvalitetslitteratur kan ikke distribueres etter markedsorienterte prinsipper. Slik sett ivaretar Bransjeavtalen en demokratisk spredning av bøkene, i tråd med målsettingen for norsk kulturpolitikk generelt og Norsk kulturråds retningslinjer spesielt.»

Fond for samproduksjon av nordisk film, TV- og videoprogram

Medlemsframlegg frå Nordisk Råd (A 762/k) om oppretting av eit fond for samproduksjon av nordisk film, TV- og videoprogram.

Kulturrådet uttala følgjande om framlegget:

«Norsk kulturråd er enig i intensjonene bak Nordisk Råds medlemsforslag A 762/k, men er i tvil om et eget nordisk produksjonsfond er det beste virkemiddel. Spørsmålet bør imidlertid utredes, slik at blant annet de økonomiske sider¹¹ og styringsmessige forhold blir belyst.»

Personskattlegging

Rådet uttala følgjande om Skattekommisjonens innstilling, NOU 1984:22 Personbeskatning:

«Norsk kulturråd advarer mot at retten til inntektsfradrag for gaver til forskning (skattelovens § 44, 5. ledd) oppheves uten at det første er undersøkt hvilke konsekvenser en slik lovendring vil ha for landets kulturliv (museene m.fl.). Kulturrådet støtter dessuten forslaget fra et flertall i skattekommisjonen om en ny ordning vedrørende skattefradrag for fredete og verneverdige våningshus på gårdbruk. En slik ordning vil få stor betydning for kulturvernarbeidet.»

Statistisk Sentralbyrås langtidsprogram 1987-1990

Norsk kulturråd kommenterte på eget initiativ Statistisk Sentralbyrås sitt langtidsprogram for 1987-1990. I framsagna frå Kulturrådet blir det peika på samfunnsutviklinga i retning av meir fritid, sterk auke i talet på private og offentlege media, og utvida tilbod på dei fleste kulturområda.

«For å kunne belyse effektene av denne utviklingen og vurdere hvordan de samfunnsmessige innsatsene best skal kunne utnyttas, er et bedre 11 kulturstatistisk grunnlagsmateriale av stor betydning.

..... Norsk kulturråd vil derfor be om at Statistisk Sentralbyrå søker å ta med kulturstatistikk som et prioritert område i sitt langtidsprogram 1987-1990.

..... Norsk kulturråd vil peke på at det også er behov for en mer regelmessig kontakt mellom byrået og brukerne av kulturstatistikk, noe som f.eks. ville kunne skje gjennom opprettelsen av et rådgivende utvalg der Norsk kulturråd er representert og også representanter for kunstnerorganisasjonene kunne komme inn.»

Framlegg til fagplanar for samiske elevar i grunnskulen

Rådet vedtok å uttale seg om planane for samisk undervisning i duodje

og musikk. Rådet gav m.a. uttrykk for følgjande:

Rådet vil stø framlegget til fagplan i faget duodji i grunnskolen. Det vil gi eit godt grunnlag for styrking av både handverkstradisjonar og samisk kultur. Denne undervisninga vil vere viktig i arbeidet med å styrkje kontakten mellom heim og skole. Rådet meiner m.a. at det kan vere verdfullt å trekkje inn samiske utøvande kunstnarar/handverkarar der dette passar inn i undervisninga.


Om fagplanen i musikk for samiske barn seier rådet at målsettinga i framlegget ikkje er klar nok og at planen får både ein allmenn musikkdel og ein etnomusikkdel, begge sett frå samisk synsstad. Det vil styrkje elevane si sjølvkjensle å vite at deira musikk er ein del av ein verdsomfattande musikkultur, seier rådet.

Presentasjon og formidling av kultur

I eit brev til Kringkastingssjefen har rådet gitt uttrykk for at den aktuelle

Folkebibliotek bør takast i bruk til utlån av ikkje-kommersiell kvalitetsvideo, seier Kulturrådet. Rådet har òg gjeve uttrykk for at NRK må satse på fleire innslag om og med norsk kunst og kultur. Særleg er det viktig å styrkje kulturtilboda for barn og ungdom, skriv rådet i eit brev til NRK. (Foto: Samfoto)

mediesituasjon gjer det særst viktig at norske kulturytringar når fram til eit breitt publikum gjennom radio og fjernsyn. Ikkje minst meiner rådet det må leggjast stor vekt på å styrkje kulturtilboda for barn og ungdom. I brevet nemner rådet m.a. følgjande: Faste innslag i fjernsynet med presentasjon av norsk kunst, fleire innslag av kulturstoff i Dagsrevyen og andre dagsnyttssendingar, auka bruk av musikk av norske komponistar og utøvarar, fleire dramatiseringar av eldre og ny norsk litteratur, osb. Alt dette er døme på program og programinnslag som rådet gjerne ser meir av. Rådet meiner også at det i museum, gamle arkiv og i bygningshistorie ligg mykje godt kulturvernstoff som er velegna for fjernsyn.



Disponeringa av kulturfondet

Hovudfordeling

Video i folkebibliotek

På grunnlag av ein rapport frå forsøket med utlån av video ved folkebiblioteka i Hå og Vågan kommunar, har Kulturrådet gitt uttrykk for følgjande:

Folkebibliotek bør takast i bruk til utlån av ikkje-kommersiell kvalitetssvideo. Forsøk har vist at det er klare behov og stor interesse for gode videoar hos folk flest, og særleg hos barn og unge.

Forsøket har også vist at biblioteket gjennom videoutlån har fått nye brukargrupper, også av dei tradisjonelle tenestene. Kultur- og vitskapsdepartementet bør etter rådet si meining prøve å få realisert planane om utlån av somme av NRK sine fjernsynsprogram på videokassett.

Skipping av eit norsk nasjonalbibliotek

På bakgrunn av ei utgreiing om «Opprettelse av et norsk nasjonalbibliotek» som Kultur- og vitskapsdepartementet har fått laga, uttala Kulturrådet m.a. følgjande:

«Norsk kulturråd vil understreke hvor avgjørende det nå er å få en politisk beslutning for å komme videre i det konkrete planleggingsarbeidet for Nasjonalbiblioteket. Universitetsbiblioteket er i dag ikke i stand til å ta seg av en fullverdig dokumentasjon av Norge som kulturnasjon, verken i nåtid eller fortid. Norsk kulturråd mener det er nødvendig at Arkiveringsutvalgets forslag om lov om pliktavlevering blir innført så snart som mulig. Men for å kunne ta i mot og oppbevare samtidsdokumenter, både det tradisjonelle bibliotekmaterialet og bilde- og lydtekster, må Norsk Avdeling få større resurser.»

For 1986 løyvde Stortinget 78,3 mill kroner til Norsk kulturfond. Det var ein auke frå året før på 3,7 mill kroner, som ikkje kunne kompensera for den generelle prisstigninga. Ved kongeleg resolusjon av 14.2.86 vart midlane fordelte slik på dei ulike arbeidsområda (i 1000 kr):



	1986	1985
Litteratur (inkl. innkjøpsordningane)	kr 31 000	(29 500)
Tidsskrift	« 1 450	(1 400)
Musikk	« 7 750	(7 400)
Bildande kunst/kunsthåndverk	« 9 250	(9 200)
Kulturvern	« 7 450	(7 100)
Samisk kultur	« 1 900	(1 800)
Kulturbygg	« 8 400	(8 000)
Utval, utgreiingar og publikasjonar	« 1 100	(1 000)
Andre formål	« 7 200	(6 500)
Administrasjon	« 2 800	(2 700)
Til saman	kr 78 300	(74 600)

Av Kulturfondet gjekk nær 35 mill kroner til ulike innkjøpsordningar for litteratur og plater, til utval og administrasjon. Det var såleis ikkje meir enn vel 43 mill som var til fordeling på grunnlag av søknader.

Oversikta nedanfor syner dessutan at det har vore ein markert auke både i talet på søknader i 1986 og ikkje minst i det samla søknadsbeløpet. Her bør ein ta med i vurderinga at det er ei rekkje søknader som ikkje oppgir søknadsbeløp. Det er også klart at ein god del let vera å søkje om tilskott, t.d. på kulturbyggsektoren, då ramma for avsetjinga her er alt for lita.

Oversyn over søknadsmengda i 1986:

Saksområde	Tal på søknader	(Tal på søkn. utan beløp)	Sum søkn.-beløp
Litteratur	210	(66)	kr 9 643 000
Tidsskrift	61	(19)	kr 2 366 656
Musikk (inkl.opera)	286	(67)	kr 18 430 697
Biletkunst og kunsthåndverk	411	(54)	kr 21 317 199
Kulturvern	252	(32)	kr 30 288 923
Samisk kultur	114	(6)	kr 5 411 341
Kulturbygg	43	(3)	kr 65 370 088
Andre formål (teater, ballett, video mm)	246	(48)	kr 34 003 077
Sum 1986	1 623	(295)	kr 186 831 727
(Sum 1985)	(1 390)	(267)	(kr 112 073 665)



Litteratur

Avsetjing 1986: 31 mill kr. (1985: 29,5 mill kr) Talet på søknader: 210, av dei 66 utan søknadssum. (1985: 209/19) Samla søknadssum: kr 9 643 746 (1985: kr 7 380 223)

Midlane til litteratur vart fordelte slik:

1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	kr 20 575 000
2. Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære bøker for barn og ungdom	kr 6 225 000
Sum innkjøpsordningane	kr 26 800 000
3. Kunstnarleg illustrerte barnebøker	kr 778 500
4. Barneblad	kr 150 000
5. Andre tiltak for barnelitteratur	kr 150 000
6. Produksjonstilskott til utgjeving av klassisk litteratur, essayistikk/kulturpolitisk verdfull litteratur, og omsetjingar av utanlandsk skjønnlitteratur for barn, ungdom og vaksne	kr 1 000 000
7. Arbeid for norsk litteratur i utlandet	kr 150 000
8. Ny norsk dramatikk	kr 370 000
9. Omsetjarprisen	kr 25 000
10. Nynorsk litteratur	kr 850 000
11. Til disposisjon, andre litteraturtiltak	kr 875 000
Til saman	kr 31 148 500

(Uetter året har avsetjinga til kunstnarleg illustrerte barnebøker vorte styrka med kr 148 500 overført frå posten Andre formål.)

Disposisjonsposten (post. 11) på litteraturkapitlet vart i 1986 nytta til følgjande formål: (Prosent-tala i parentes viser % av post 11.)

Særskilde utgjevingar	kr 302 000	(34,5%)
Seminar, kurs og festivalar	kr 503 000	(57,5%)
Andre tiltak	kr 70 000	(8,0%)
Til saman	kr 875 000	(100%)

Fullstendig liste over alle løyvingar til litteraturformål og lister over innkjøpte bøker på dei to innkjøpsordningane finst bak i årsmeldinga.

Generelt

Avsetjinga til litteraturformål i 1986 tok utgangspunkt i at dei to innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur ville krevje 26,8 mill kroner. Sjølv om den endelege rekneskapen for desse ordningane ikkje blir klar før etter at ankehandsaminga er gjennomført våren 1987, er det klart at ordningane kosta meir enn planlagt.

Både for vaksenordninga og endå meir for barne- og ungdomsordninga har talet på innkjøpte bøker vorte større enn ein rekna med. Det er rimeleg å tru at det blir kjøpt inn om lag 210 og 90 bøker på dei respektive ordningane, mot budsjettert 200 og 78.

Dette er i seg sjølv ei gledeleg utvikling. Men for fondet kunne det ha ført til endå mindre midlar til andre litteraturformål, dersom det ikkje

var opparbeidd ein «buffert» til å ta i mot slike svingingar. Men denne bufferten er no på det næraste oppeten, slik at det for komande år vil bli kravd ekstra store avsetjingar til innkjøpsordningane.

Kunstnerisk illustrerte barnebøker

Rådet kan for første gong på fleire år registrere ein liten nedgang i talet på løyvingar til kunstnarleg illustrerte barnebøker i 1986 (39 mot 41 i 1985). Dette heng saman med at rådet vedtok å endre reglane for tildeling av støtte til delvis illustrerte bøker.

Barneblad m.m.

Stønad til barneblad blir gitt som honorartilskott for å stimulere til bruk av profesjonelle forfattarar og biletkunstnarar. Slik prøver rådet å styrkje kvaliteten i barneblada når det gjeld innhald og kunstnarleg utforming. Fire blad fekk tilskott i 1986. Stønaden varierte frå kr 10 000 til kr 90 000.

Rådet har i 1986 også gitt tilskott til to teiknspråksbøker og punktskriftutgåver av 15 bøker for barn og ungdom med ymse funksjonshemmingar.

Produksjonstilskott

1986 var første året der postane for tilskott til nytgåver, essays og omsett skjønnlitteratur var slått saman i ein felles pott. Administrativt var det visse problem med å få til ei felles handsaming av alle søknadene, men dette kan rette seg. Nytt var det og at det dette året vart opna for tilskott til omsette barne- og ungdomsbøker. Dette var eit etterlengta og populært tiltak.

I løpet av året vart det gitt tilskott til 11 nytgjevingar av eldre verk, 24



essaysamlingar, (essayistikk og annan kultur- politisk verdfull litteratur), og til produksjon av 50 omsette skjønnlitterære bøker. 10 av desse var for barn og ungdom.

Arbeid for norsk litteratur i utlandet

Trass i at denne avsetjinga vart styrka med kr 50 000 i høve til året før, kan ein ikkje seie at målsetjinga med ordninga vart oppfylt i 1986. Det var ikkje mogeleg å dekkje heile honoraret til omsetjinga for dei utanlandske utgåvene. I tillegg har rådet for første gong avslått gode prosjekt på dette feltet. Rådet vedtok året før å byggje ned denne tilskottsordninga. Føresetnaden for dette var at Kultur- og vitskapsdepartementet tok ansvaret for ho ved at Kontoret for norsk litteratur i utlandet vart styrka med midlar til ei slik støtteordning. Dette kan ikkje skjje før tidlegast i 1988.

Ny norsk dramatikk

Den positive utviklinga innanfor ny norsk dramatikk heldt fram i 1986. Presset på avsetjinga vart så stort at fleire søknader er utsette til handsaming i 1987, sjølv om det er å skyve problemet framfor seg. 18 dramatikarar fekk korttidsengasjement ved ulike teater ved denne ordninga, medan tre skodespel vart omsette til andre språk, og fem stykke fekk midlar til kopiering av presentasjons-eksemplar.

Det kom ingen søknad om tilskott til hospitering for ein debutant, og berre ein søknad om prosjektkontrakt vart registrert i 1986. Men endå fleire søknader kom det inn frå teatera om tilskott til vanlege arbeidskontraktar (tre-månaders engasjement) for dramatikarar.

Nynorsk litteratur

Rådet gav i 1986 tilskott til 31 bokprosjekt på nynorsk. Av desse var 24

«Barn + bøker = bra». To år på rad har Kulturrådet arrangert barnebokaksjonar med denne tittelen. Aksjonane har inspirert til ei rad arrangement over heile landet og fått mykje omtale i pressa. (Foto: Helge Sunde Samfoto)

utgjevingar på Det Norske Samlaget. Alle forlaga kan søkje om tilskott til nynorsk-utgjevingar, og rådet har med glede merka seg ei veksande interesse blant forlaga på dette feltet.

Andre litteraturtiltak

Rådet tok i 1986 sikte på at denne avsetjinga skulle nyttast til auka innsats på følgjande område: Tilrette- lagd litteratur for funksjonshemma barn og vaksne, tilskott til Landslaget for norskundervisning sitt arbeid, og til innkjøp av bokstammer til særskilde grupper. Dette har i liten grad vorte følgt opp, då ein har fått få søknader og samtidig lite midlar til å gjere ein større punktinnsats.

Musikk

Avsetjing 1986: Kr 7,75 mill kr. (1985: 7,4 mill kr) Talet på søknader: 286, av dei 67 utan søknadssum. (1985: 231/60) Samla søknadssum: 18 430 697 (1985: kr 11 833 001)

Vel halvparten av avsetjinga vart disponert til forsøksprosjekt, større einskildtiltak og til rådet sine plateutgjevingar. Resten var til fordeling på søkjarar.

Musikkmidlane vart nytta slik:

Særskilte tiltak:

Innkjøpsordning for norske fonogram	kr 2 100 000	(27,1%)
Musikktiltak for funksjonshemma	kr 69 200	(0,9%)
Katalogisering av Bauer-Müller-samlinga	kr 96 800	(1,2%)
Oppstarting av strykekvartett i Ålesund	kr 450 000	(6,8%)
Komponist/arrangørstilling i Nord-Noreg	kr 120 000	(1,5%)
Konsert-/turneprojekt med strykekvartett	kr 115 000	(1,5%)
Folkemusikkprosjektet «Slåttar for vanleg føle»	kr 142 000	(1,8%)
Tilskott til tinging av 5 nye operaer	kr 155 000	(2,0%)

Avsetjingar:

Utgiving av norsk musikk:		
– Klassisk musikk, plater og notar	kr 750 000	(9,7%)
– Ny plateserie med nyare norsk musikk	kr 250 000	(3,2%)

Andre musikktiltak:

Til disposisjon for søknader	kr 3 502 000	(45,2%)
Til saman	kr 7 750 000	(100%)

Avsetjinga til innspeling av LP- og CD-plater har i 1986 resultert i 4 nye innspelinger i Kulturrådets Klassikerserie og 2 innspelinger i den nye serien.

Disposisjonsposten på ca 3,5 mill kroner vart disponert til følgjande formål i 1986, (%-tallet til høyre viser % av disposisjonsmidlane):

Tingingsverk	kr 930 000	(26,5%)
Tilskott til LP-innspelinger	kr 1 393 000	(39,6%)
Trykkingstilskott til notar	kr 167 550	(4,8%)
Konsertar/festivalar	kr 175 000	(5,0%)
Operatiltak, frie grupper	kr 100 000	(2,8%)
Kurs, seminar,	kr 25 000	(0,7%)
Andre musikktiltak	kr 726 000	(20,6%)
Til saman	kr 3 516 550	(100%)

Fullstendig liste over enkeltløyvingar er gitt bak i årsmeldingen.

Generelt

Midlane avsette til musikkformål er i 1986 i hovudsak brukt etter same mønster som dei seinaste åra. Rådet sitt arbeid med musikkaker kan delast i tre hovudområde: Særskilde tiltak, avsetjingar til rådet sine egne fonogramutgjevingar, og handsaming av søknader.

Innkjøpsordning for plater

Innkjøpsordninga for nye norske «kvalitetsfonogram» vart starta i 1985. Rådet reknar med at forsøket vil halde fram ut 1987. Den andre innkjøpsomgangen vart gjennomført i 1986, der i alt 105 søknader vart vurderte av ein eigen innkjøpskomite. Rådet vedtok å kjøpe inn

62 titlar i 1986. (I 1985 kom det inn 159 søknader, medan talet på innkjøp var 56). Kvar tittel vart innkjøpt i 550. eks. og send til folkebibliotek, musikkskular, andre undervisningsinstitusjonar med musikk m.m. Mange av platepakkene er nytta til utanlandsinformasjon. (Oversyn over innkjøpa finst bak i meldinga.) Norsk Musikkinformasjon administrerer forsøket på vegner av Kulturrådet.

Musikktilbod for funksjonshemma

Musikktilbod for funksjonshemma var eit samarbeidsprosjekt mellom Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke og Norsk kulturråd som vart avslutta sommaren 1986. Det tok sikte på å utvikle særlege musikktilbod for psykisk og fysisk funksjonshemma i og utanfor institusjonar. Forsøket har vore sær satsing, og kommunen har tilsett musikkterapeutar i nyoppretta stillingar for at arbeidet skal kunne halde fram.

Komponist-/arrangørstilling

Mange av dei profesjonelle musikkgruppene i Nord-Noreg har ei utradisjonell instrumentsamansetting. Dei har difor stort behov for egne komposisjonar/arrangement som er laga til den einskilde gruppa. For å dekke je noko av dette behovet har Kulturrådet i 1986 gitt tilskott til oppretting av ein komponist-/arrangørstilling knytt til Nordnorsk Musikkonservatorium i Tromsø. Stillinga vil også bli nytta til kurs- og seminarverksemd ved konservatoriet.

Profesjonell strykekvartett

I Noreg finst i dag ingen profesjonell strykekvartett som kan drive berre med kammermusikk. For lettare å kunne vurdere behovet for faste kammermusikkgrupper og finne ut



Norsk Komponistforenings serie med musikk av nolevande komponistar. På det viset vil ein kunne få ein meir eller mindre fullstendig antologi over norsk musikk.

Andre musikktiltak

Om lag halvparten av avsetjinga til musikk er disponibel til fordeling på søknader. Talet på søknader og samla søknadssum var i 1986 vesentleg større enn året før. Det har difor vore ekstra mange gode søknader som ein ikkje kunne prioritere slik rådet gjerne ville.

Disposisjonsposten har dekt løvinger til tingsverk for norske komponistar, med stor vekt på dei yngre og uetablerte. Vidare har rådet gitt tilskott til m.a. innspelningar av fonogram i ulike genrar, til trykking av notar med nye norske verk, til produksjon av operaframsyningar med frie grupper.

kva dei har for sjansar til kontinuerleg arbeid, gav rådet tilskott til ein del av eit større konsert- og turneprojekt for ein profesjonell strykekvartett. Norsk Strykekvartett har på dette viset fått ein sjanse til å arbeide på heiltid med innøving av strykekvartettar, konsertverksemd (i regi av Rikskonsertane) og innspeling av gramfonplater og opptak for NRK. Forsøket har svart til forventningane, og fleire ukjende, nye og eldre norske strykekvartettar finst no på plate.

Nye norske operaer

Norsk operatradisjon er ikkje særleg sterk, samanlikna med andre land. Marknaden er liten, og sjansen for å få framført ein ny opera, eller å få finansiert arbeidet, er ganske liten. I samarbeid med Den Norske Opera, Kultur- og vitskapsdepartementet har Kulturrådet med ei større løyving over tre år gjort det mogeleg for Operaen å tinge fem nye norske operaer. Dei vil bli framførte i løpet av dei komande åra.

Registreringsarbeid

Norsk kulturråd har frå 1984 finansiert arbeidet med å katalogisere den såkalla *Bauer-Muller-samlinga*. Samlinga inneheld m.a. 5 000 gamle 78-plater og 30 meter med notetrykk. Ho har særleg musikkhistorisk verdi innanfor song- og operalitteraturen frå før århundreskiftet og fram til våre dagar. Norsk Musikkamling

Forsøket «Musikktilbod for funksjonshemma» i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane vart støtta av Kulturrådet 1983 – 1986. Musikkterapeutar hadde m.a. som oppgåve å aktivisere funksjonshemma barn med musikk både i og utanfor institusjonar og å integrere dei i det lokale musikkliv der dette var mogeleg. (Foto: Ragnar H. Albertsen)

ved Universitetsbiblioteket i Oslo står for arbeidet, som no er vel halvvegs.

«Slåtter for vanlig fele» er eit større registrerings- og nedteikningsarbeid som tek sikte på å gi ut så mykje som mogeleg av eldre norsk felemusikk. Arbeidet har starta i 1981, og Kulturrådet har kome inn med delfinansiering dei siste åra for å unngå at arbeidet stoppar opp. Frå 1987 går rådet ut frå at Kultur- og vitskapsdepartementet tek over finansieringa av siste delen av prosjektet.

Plateinnspelningar

Sidan 1971 har Norsk kulturråd gitt ut eldre norsk musikk på plate. I Klassikarserien er no 65 plater og kassetar på marknaden, medan serien er planlagd med vel 80 utgjevingar. I tillegg til platene arbeider ein også med å få trykt notemateriell for ein del av den same musikken.

Nytt i 1986 er avsetjinga til innspelningar av musikk frå tida omkring 1920 og fram til 1950-talet. Denne serien vil binde saman Klassikarserien med

Biletkunst og kunsthåndverk

Avsetjing 1986: 9,25 mill kr. (1985: 9,2 mill kr) Talet på søknader: 411, av dei 54 utan søknadssum. (1985: 345/76) Samla søknadssum: kr 21 317 199 (1985: kr 12 346 784)

Midlane til biletkunst og kunsthåndverk er i 1986 blitt nytta slik:

Avsetjingar:

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg	kr 3 438 900	(37,2%)
Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthåndverk	kr 690 000	(7,5%)
Tilskott til debuterande biletkunstnarar	kr 384 900	(4,1%)
Tilskott til debuterande kunsthåndverkarar	kr 98 000	(1,1%)
Utstyrsstønad til biletkunstnarar	kr 255 800	(2,8%)
Utstyrsstønad til kunsthåndverkarar	kr 475 800	(5,1%)
Materialfondet for biletkunstnarar	kr 110 000	(1,2%)
Vederlag for utstillingsverksemd som er støtta av Kulturrådet	kr 294 280	(3,2%)
Til rådvelde for søknader	kr 3 239 820	(35,0%)
	kr 8 987 500	

Særskilt nemnde tiltak:

Seksjonen av kunst- og kunstindustri-museum i NKKM, til lysbiletseriar, tilsegn 1982	kr 47 500	(0,5%)
Norske grafikarar/Artotekutvalet, til prøvedrift av artoteksentral, 3. året, tilsegn 1984	kr 115 000	(1,2%)
Universitetsforlaget, til utgjeving av Marie Bang: «I.C.Dahl - Life and Works»	kr 100 000	(1,1%)
Til saman	kr 9 250 000	(100%)

Rådveldeposten på om lag 3,24 mill kroner vart nytta til desse formål i 1986. (Prosent-tala i parentes viser % av rådveldeposten):

Utstillinger	kr 1 100 060	(34,0%)
Utstyr til kunstformidling	kr 441 400	(13,6%)
Kjøp av kunst til samlingar	kr 139 000	(4,3%)
Publikasjonar	kr 257 300	(7,9%)
Andre tiltak	kr 1 302 060	(40,2%)
Til saman	kr 3 239 820	(100%)

Fullstendig liste over alle løyvingar er gitt bak i meldinga.

ten har variert mellom 30 og 50% for ikkje-statlege bygg, medan Kulturfondet har dekt utsmykkingskostnadene fullt ut for dei eldre statsbygga som har fått søknaden innvilga. I ein annan samanheng har rådet peika på at ansvaret for statlege tilskott til utsmykking av alle offentlege bygg bør samlast i eitt organ, nemleg Utsmykkingsfondet for nye statsbygg, som har eksistert sidan 1977. Men rådet ser oppgåva som så viktig at fondsmidlar framleis vil bli nytta til dette formålet, inntil alt ansvar er lagt til eitt organ.

Kjøp av norsk samtidskunst

Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst har til oppgåve å sikre det offentlege ei viss mengd kunstverk innanfor måleri, skulptur, biletvev/tekstil, grafikk, teikning, kunsthåndverk og fotografi. Fram til utgangen av 1986 var det kjøpt inn vel 2500 kunstverk for Kulturfondets midlar sidan fondet vart oppretta i 1965. Innkjøpskomiteen har ni medlemmar som er oppnemnde for to år. I tillegg har komiteen kontakt med 26 representantar for distrikta som rådet nemner opp.

For tida arbeider rådet med nye retningslinjer for bruken av dei innkjøpte kunstverka. I 1986 gjorde rådet vedtak om at delar av samlinga skal deponerast ved Nordnorsk kunstmuseum i Tromsø. Utvalet skal gjerast i samråd med museet.

Generelt

Etter 10 år med finansiering av kunstnarsentrene over Kulturfondet, fekk desse frå og med 1986 direkte driftstilskott over statsbudsjettet. Dette gjorde det mogeleg å doble storleiken på disposisjonsposten i 1986 og auke tilskotta til andre tiltak, særleg utstillinger med biletkunst og kunsthåndverk. Det vart


også rom for ein monaleg auke på avsetjinga til utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg

Denne avsetjinga har gått til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og til statsbygg som er frå før 1977. Tilskottsprosen-

Debutantstønad

Ordninga med tilskott til biletkunstnarar og kunsthåndverkarar som skal ha si første offentlege separatutstilling, har halde fram i 1986, til glede for 75 kunstnarar. Tilskottet skal gå til material- og transportutgifter i samband med slike utstillinger. Behovet for slik støtte er framleis stort.



Tilskott til utstyr

Rådet har gjennom fleire år gitt tilskott til biletkunstnarar og kunsthandverkarar som treng utstyr til eigen verkstad eller til gruppeverkstad. For biletkunstnarane har det vore ein nedgang i søknadsmengda i 1986, medan det for kunsthandverkarar var om lag som året før.

Kunstnernes informasjonskontor (KIK)

Som nemnt vart disposisjonsposten auka mykje i 1986, og dette gav rom for tilskott til fleire einskild-tiltak og forsøksprosjekt. Eit interessant forsøk som kom i stand i 1986 var KIK, «Kunstnernes informasjonskontor». Dette prosjektet skal gå over tre år. KIK skal vere eit sentralt informasjonskontor for biletkunst, kunsthandverk og fotografi og skal drive med innsamling, systematisering og spreiding av informasjon om norske samtidskunstnarar og arbeidet deira. Kontoret skal også vere ein serviceinstitusjon for dei som driv med offentleg utsmykking, for kunstforeiningar, kunstnarsenter m.v.

Utleige av korttidsutstillinger

Eit anna prosjekt som fekk tilskott frå Kulturfondet til oppstartning i

1986, var ei prøveordning i regi av Selskapet kunst på arbeidsplassen som tek sikte på utleige av korttidsutstillinger til ulike institusjonar. Forsøket vil få tilskott frå fondet også i 1987.

Lysbiletseriar

Seksjonen av kunst- og kunstindustrimuseum i NKKM får over ein seks-års periode ei løyving frå Kulturfondet til produksjon av lysbiletseriar og teksthefte om norsk biletkunst. Arbeidet blir gjort saman med Statens filmsentral og er venteleg avslutta i 1987.

Artoteksentral

1986 var siste året for eit tre-årig forsøk med drift av ein artoteksentral i tilknytning til folkebibliotek og institusjonsbibliotek. Sentralen kjøper inn grafiske blad og gir sjukehus og andre institusjonar, bibliotek m.v. tilbod om årsleige av eit utval av kunstverka. Forsøket har utan tvil vore vellukka. Norske grafikarar/Artotekutvalet skal frå 1987 drive sentralen som ein frittstående institusjon.

I.C. Dahls liv og produksjon

Rådet gjorde i 1985 vedtak om å gi

Sola Internasjonale Kunstfestival var eit stort utstillingseksperiment på Sola-stranda utanfor Stavanger som vart mykje omtalt. Utstillinga vart opna i juni og store delar av den vart ståande til ut i september. (Foto Rune Sævig/ Stavanger Aftenblad)

tilskott til utgjevinga av Marie Bangs trebands-store verk «I.C. Dahl – Life and Works». Dette er det første store samla oversynet over produksjonen til denne målaren. Tilskottet vart delt mellom Kulturfondsmidlane for 1985 og 1986.

Kulturvern

Avsetjing i 1986: 7,45 mill kr. (1985: 7,1 mill kr) Talet på søknader: 252, av dei 32 utan søknadssum. (1985: 263/51) Samla søknadssum: kr 30 208 923 (1985: 29 250 442)

Midlane til kulturvern vart fordelte slik:

Avsetjingar:

Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr 1 168 000	(15,8%)
Verneverdige miljø og anlegg (inkl. tilskott til tekniske og industrielle kulturminne)	kr 3 110 000	(42,2%)
Verneverdige hus/fartøy til kulturelle og/eller sosiale tiltak	kr 695 000	(9,4%)
Andre kulturverntiltak	kr 2 409 000	(32,6%)
Til saman	kr 7 382 000	(100%)

(Ved slutten av året vart kr 200 000 frå posten Andre formål nytta til ei løyving til Hå prestegard for restaurering.)

Underposten «Andre kulturverntiltak» har vore nytta slik: (Prosent-tala i parentes viser % av disposisjonsposten)

Lokalhistoriske samlingar (arkiv)	kr 680 000	(28,2%)
Arbeid med verneplanar	kr 175 000	(7,3%)
Utgjevingar, bøker, informasjons- og opplysningsstoff	kr 516 000	(21,4%)
Registrerings- og innsamlingsarbeid	kr 345 000	(14,3%)
Ulike prøveprosjekt	kr 350 000	(14,5%)
Dokumentasjon, videoproduksjonar m.m.	kr 343 000	(14,3%)
Til saman	kr 2 409 000	(100%)

Fullstendig liste over alle løyvingar til kulturvernformål er gitt bak i meldinga.

den» og etablering av såkalla «øko-museum» kan vere stikkord for denne utviklinga.

Vern av miljø og anlegg

Dette er eit av dei områda som Kulturrådet har valt å prioritere høgt. Særleg har feltet industriminne vore forsømt innanfor vår kulturhistorie. Overgangen frå bondesamfunnet til industrisamfunnet har gitt kulturvernarbeidet nye og aktuelle oppgåver, der utradisjonelle grupper er med. Eit eige utgreiingsutval er oppnemnt av rådet for å lage eit framlegg til ein nasjonal verneplan for tekniske og industrielle kulturminne.

Verneverdige hus og fartøy

«Vern gjennom bruk» er eit stikkord for Kulturrådet sitt engasjement på dette området. Ved vurdering av søknader om tilskott tek rådet omsyn også til kulturaktivitetane i og samarbeidet mellom ulike lag og institusjonar i nærmiljøet og den interessa som desse syner for vernarbeidet. Den store søknadsmengda som rådet fekk i 1986 på dette feltet syner at ordninga både er populær og nyttig.

Lokale verneplanar

Rådet har gjennom mange år gitt tilskott til arbeidet med å få fram lokale verneplanar. Det har også vore eit innsatsområde i 1986. Særleg interessant har det vore å kunne stø oppfølging av slike planar og nytte kulturfondsmidlar til å gjennomføre prosjekt innanfor feltet miljøvern.

Opplysnings- og informasjonsarbeid

I samarbeid med Fortidsminneforeningen har rådet også i 1986 gitt tilskott til ulikt opplysningsarbeid på kulturvernområdet. Dette ser ein på som eit viktig felt for å auke interes-

Generelt

Talet på søknader i 1986 syner at det har vore ein viss nedgang samanlikna med 1985. Ei av årsakene til det kan vere at rådet no ikkje får så mange søknader om tilskott til utgjeving av lokalhistoriske årbøker som ein hadde før. Det var som eit resultat av Organisasjonsutvalet si innstilling at denne tilskottsordninga vart fjerna. Den samla søknadssummen er trass i dette auka samanlikna med året før.

Likeeins har Miljøverndepartementet no fått hovudansvaret for tilskott til verneverdige båtar, noko som også syner igjen på tala for søknader og søknadssum.

I 1986 har rådet elles prioritert særskilde område innanfor kulturvernet, så som vern av tekniske og industrielle kulturminne og arbeid med oppfølging av lokale verneplanar.

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea

Også i 1986 har Kulturfondet har Kulturfondet sine tilskott til særskilde tiltak ved musea synt seg å vere viktige. Arbeidet ved musea og kulturminnevern ser rådet som to sider av same sak, og ein god del av midlane frå posten miljø og anlegg går såleis til museumstiltak. Dette heng saman med utviklinga i museumsverksemda, der «vern på sta-

Tekniske og industrielle kulturminne er eit prioritert område innanfor kulturvernsektoren i Kulturrådet. I tillegg til å gi tilskott til ulike prosjekt har rådet òg starta eit større utgreiingsarbeid med ein samla verneplan som mål. Her eit bilete frå omkring 1910 som viser kvinner i arbeid på Sjølingstad Uldvarefabrik. Denne fabrikk er eit aktuelt verneobjekt.

sa for kulturvern. Ikkje minst ser ein det som viktig å nå fram med informasjon gjennom massemedia, m.a. for å hjelpe skulen med formidlinga av lokalhistorisk kunnskap.

Andre kulturverntiltak

Avsetjinga har i 1986 vore nytta til lokalhistoriske tiltak, frå registrerings- og innsamlingsarbeid til større oppgåver med lokalhistoriske samlinger. Det sistnemnde ser rådet som eit interessant felt som har kome meir fram etter eit tidlegare utgreiingsarbeid i Kulturrådet om lokalhistoriske samlingar. Utgjevingar av lokalhistorisk litteratur av nasjonal interesse har også fått tilskott frå denne avsetjinga.



Samisk kultur

Avsetjing 1986: 1,9 mill kr. (1985: 1,8 mill kr) Talet på søknader: 114, av dei 6 utan søknadssum. (1985: (86/3) Samla søknadssum: kr 5 411 341 (1985: 2 924 417)

Midlane til samisk kultur vart nytta slik:

Samisk litteratur	kr	651 248	(31,5%)
Samisk biletkunst og duodje	kr	425 000	(20,6%)
Samisk musikk	kr	425 000	(20,6%)
Andre tiltak samisk kultur	kr	565 290	(27,3%)
Til saman	kr	2 066 538	(100%)

Posten Andre tiltak samisk kultur vart styrkt med kr 140 040 frå avsetjinga til Andre formål. Frå same avsetjing er det i tillegg gitt tilskott på kr 415 000 til den samiske teatergruppa Beaivvas og til Samisk kultursenter, Hattfjelldal.

Posten Andre tiltak samisk kultur vart nytta til desse formåla: (Prosent-tala i parentes viser % av disposisjonsposten)

Kulturarrangement	kr	35 000	(6,2%)
Kulturverntiltak	kr	236 000	(41,8%)
Teater	kr	102 750	(18,1%)
Media	kr	5 000	(0,9%)
Språkvern	kr	186 040	(33,0%)
Til saman	kr	565 290	(100%)

Fullstendig oversyn over alle løyvingar til samiske kulturformål er gitt bak i meldinga.

Samisk musikk

Den positive utviklinga innanfor samiske plate- og kassetutgjevingar heldt fram i 1986. I alt fem utgjevingar på tre ulike samiske plateselskap fekk tilskott dette året. Samstundes registrerer rådet at det er ønske om å betre distribusjonen for platene.

Samisk biletkunst og duodje

Det vart registrert ein nedgang i søknader om tilskott til utsmykking av samiske bygg samanlikna med tidlegare år. Hausten 1986 vart det arrangert eit seminar om offentleg utsmykking av samiske bygg. Dette kan gi eit oppsving i søknadsmengda igjen. Elles er det gitt tilskott til utstillingsprosjekt, til innkjøp av samisk biletkunst og kunsthåndverk, bokillustrasjonar m.m.

Andre samiske kulturtiltak

Av disposisjonsavsetjinga gjekk tilskott til m.a. lokale kulturarrangement, særskilde utgjevingar og teaterformål. For å dekkje kostnadene til den samiske innkjøpsordninga for litteratur og utgjevinga av tidsskriftet «Sápmi», vart posten styrkt ved slutten av året med kr 140 040. Det er gitt tilskott til teatergruppa Beaivvas frå den generelle disposisjonsposten til rådet, (Andre formål).

Generelt

Innanfor det samiske kulturområdet har det vore ein uvanleg stor auke i aktivitetane i 1986. Tala på inntekter søknader og samla søknadssum syner dette klårt. Særleg på litteraturfeltet har Kulturrådet merka auken. Samiske forfattarar var særskild aktive dette året, og eit tredje samisk forlag etablerte seg på norsk side.

Rådet har dette året gitt tilskott til eitt teiknefilm- og eitt videoprojekt for samiske barn. Dette er nye og spanande område innanfor samisk kultur, men som rådet meiner det kan bli vanskeleg å finne rom for. Som ein punktinnsett og fødselshjelp vedtok rådet denne gongen å gi tilskott.

Samisk litteratur

Rådet hadde ein stor og gledeleg auke i søknadene om tilskott til bok-utgjevingar i 1986. Rådet fann det naudsynt å utsetje sju søknader til neste år i håp om at ein då vil få rom nok på avsetjinga til å dekkje behovet. Tidsskriftet «Sápmi» har fått tilskott frå Kulturfondet også i 1986. Forsøket med innkjøp og distribusjon av samiske bøker på nordisk basis heldt fram i 1986, men dette året med nasjonale midlar (og ikkje finansiert av Nordisk kulturfond). Åtte titlar vart innkjøpte og sende til skular, bibliotek, helse- og sosialinstitusjonar og sameforeingar i Noreg, Sverige og Finland. I alt var det 390 mottakarar av bøkene, og ordninga har vorte godt motteken.

Mari Boine Persen



Jaskatvuodá manna
Etter stillheten

Deonirudal Kari

Det har vore ei positiv utvikling når det gjeld utgjevingar av samisk musikk på plater og kassetar. I alt fem utgjevingar på tre ulike plateselskap fekk tilskott frå Kulturrådet i 1986, her representert ved Mari Boine Persens LP-plate.

Tidsskrift

Avsetjing 1986: 1,45 mill kr. (1985: 1,4 mill kr) Talet på søknader: 61, av dei 19 utan søknadssum. (1985: 63/24) Samla søknadssum: kr 2 366 656 (1985: kr 2 309 700)

Stønad til tidsskrift vart som tidlegare gitt i fem ulike former: Produksjonsstønad, honorarstønad, innkjøpsstønad, oppstartingsstønad og stønad til temanummer. I 1986 vart avsetjinga fordelt slik på desse tilskottsformene:

Produksjonsstøtte	kr 522 055
Honorarstønad	kr 342 000
Innkjøpsstønad	kr 475 000
Oppstartingsstønad	kr 75 000
Tilskott til temanummer	kr 83 000
Til saman	<u>kr 1 497 055</u>

Unytta løyvingar til honorarstønad frå 1984 og 1985 vart nytta til å styrkje avsetjinga for 1986. Avsetjinga er såleis auka med kr 47 055 i 1986.

Fullstendig oversyn over alle tidsskrift som har fått tilskott, er gitt bak i meldinga.

Tidsskriftutgreiing

Midlane som var avsette til tidskriftstønad i 1986 vart fordelte til 45 ulike tidsskrift. Tilskottsbeløpet var på kr 34 500 i gjennomsnitt (mot kr 35 000 i 1985). Talet på gode søknader rimar dårleg med storleiken på avsetjinga. For å få greidd ut om situasjonen for tidsskrifta i Noreg, vedtok rådet i 1986 å nytte ein av dei tidsavgrensa stillingsheimlane. Arbeidet med dette er no godt i gang og blir venteleg avslutta i 1987.

Kulturrådet har lenge sagt at Kulturfondet er for lite til å kunne gi tilskott til kulturbygg i den mon det er behov for. Rådet prioriterer såleis lokale og regionale spesialbygg som konserthus, teaterbygg, kunstgalleri og kunstforeiningsbygg, samiske kulturhus og museumsbygg, medan allmenne kulturhus ikkje kan få støtte. Biletet viser Stavanger Konserthus, som har fått tilskott frå Kulturfondet. (Foto: Knut Vindfallet/Stavanger Aftenblad).



Kulturbygg

Avsetjing 1986: 8,4 mill kr. (1985: 8 mill kr) Talet på søknader: 43, av dei 3 utan søknadssum. (1985: 44/3) Samla søknadssum: kr 65 370 088 (1985: kr 36 426 464)

Midlane til kulturbygg vart fordelte slik:

Hardanger Folkemuseum, eldfast museumsbygg	kr 1 000 000
Hadeland Folkemuseum, eldfast museumsbygg	kr 1 000 000
Styret for Troidhaugen i Bergen, kammermusikksal	kr 1 000 000
Trondhjems Kunstforening, tilbygg	kr 1 500 000
Guovdageainnu Gilisillju - Samisk bygdetun, Kautokeino, eldfast museumsbygg	kr 1 200 000
Til disposisjon for andre kulturbyggoppgåver	kr 2 700 000
Til saman	<u>kr 8 400 000</u>

Disposisjonsavsetjinga vart nytta slik:

Polarmuseet i Tromsø, rehabiliteringsarbeid	kr 380 000
Frøya Bygdemuseum, magasin- og utstillingslokale	kr 60 000
Iveland og Vegusdal Bygdemuseum, tilbygg	kr 75 000
Namdalsmuseet, gjenreising av Hallvardmolåna	kr 175 000
Hedmarkmuseet og Domkirkeodden, magasin	kr 160 000
Sør-Varanger Museum, rehabiliteringsarbeider	kr 400 000
Vefsn Museum, gjenreising av politimeistergarden	kr 500 000
Hardanger Folkemuseum, eldfast museumsbygg	kr 400 000
Vesterålens Bygdemuseum og Kulturmuseum, magasin- og utstillingslokale	kr 250 000
Horten og Borre Kunstforening, galleribyg	kr 300 000
Til saman	<u>kr 2 700 000</u>

Langsiktige tilseger:

Rådet har dessutan gitt tilseger om støtte til følgjande kulturbygg i 1987:

Hardanger Folkemuseum. Nybygg	kr 500 000
Hadeland Folkemuseum. Nybygg	kr 300 000
Trondhjems Kunstforening. Tilbygg	kr 500 000
Hallingdal Folkemuseum. Nybygg	kr 2 000 000
Flekkefjord Museum. Innreing av sjøbuer	kr 700 000
Vardøhus Museumsforening. Ombyggingsarbeid	kr 700 000
Gratangen Båtsamling. Nybygg for båtsamling	kr 900 000
Vefsn Museum. Gjenreising av Politimeistergarden	kr 400 000
Lands Museum. Nybygg	kr 1 000 000
Georgernes Verft. Innreing av utstillingslokale for biletkunst	kr 500 000
Til saman	<u>kr 7 500 000</u>

Generelt

Rådet har ved fleire høve gjort det klårt at Kulturfondet ikkje gir rom for tilskott til kulturbygg i det omfanget som det er behov for. Til avsetjinga på vel 8 mill kroner fekk rådet i 1986 søknader på i alt 65 mill kroner. I tillegg veit ein om søknader som ikkje blir sende av di situasjonen for Kulturfondet er kjend. Av dei 8 millionane til kulturbygg var dessutan to tredelar disponerte på førehand.

Norsk kulturråd har også i 1986 fått inn søknader om tilskott til oppføring av allmenne kulturhus. Når det gjeld slike kulturbygg er søknadssummen så stor (10 mill kr i gjennomsnitt pr bygg) at Kulturrådet med si avsetjing på rundt 8 mill kr ikkje finn å kunne gi tilskott til finansiering av allmenne kulturhus. Ein auke på 5 millionar for komande år vil ikkje kunne endre på dette.

Andre formål inkl. barnekultur

Avsetjing 1986: 7,2 mill kr. (1985: 6,5 mill kr) Talet på søknader: 246, av dei 48 utan søknadssum. (1985: 149/31) Samla søknadssum: kr 34 003 077. (1985: 9 602 634)

Midlane vart nytta slik fordelte på einskilde hovudområde:

Teaterformål	kr 2 358 000	(32,8%)
Ballett-tiltak	kr 415 000	(5,8%)
Film/video/multimedia	kr 235 000	(3,3%)
Barnekultur	kr 594 000	(8,2%)
Andre tiltak og overføringar	<u>kr 3 590 319</u>	<u>(49,9%)</u>
Til saman	<u>kr 7 192 319</u>	<u>(100%)</u>

Løyvingane til teaterformål har for ein stor del gått til større prøveprosjekt og til frie sceniske grupper.

Barnekultur

Rådet gjorde tidleg i 1986 vedtak om at kr 500 000 av posten Andre formål skulle nyttast til barnekulturtiltak dette året. Som det går fram av lista ovanfor, er det nytta noko meir på dette feltet enn ein først rekna med.

Rådet har tidlegare og over ulike avsetjingar løyvd til dels store midlar til prosjekt for og med barn og unge, men dette var første året at det vart markert med ei eiga avsetjing. I hovudsak har desse pengane gått til gjennomføring av barnebokaksjonen hausten 1986 og til førebuing av ein større barnekulturkonferanse våren 1987. I tillegg er det gitt tilskott til nokre mindre einskildprosjekt.

Fullstendig oversyn over alle løyvingane til andre formål, inklusive barnekulturtiltak, er gitt bak i meldinga.

Eit anna interessant forsøk kom i gang i 1986, med midlar frå Kulturfondet. *Aust-Agder Teatret* er ein nyskaping når det gjeld regionteaterforma. I regi av fylkeskommunen er fire ulike frie sceniske gruppe vorte engasjerte for ein tre-års periode. Dei skal gi ei framsyning i året i kvar av dei kommunane som er med på forsøket. Første året er det såleis gitt 67 framsyningar i fylket, av dei 16 ballettframsyningar. 17 av 19 kommunar i Aust-Agder har valt å gå inn i forsøket. Kulturfondet dekkjer 70% av omkostningane ved prosjektet.

I tillegg har rådet gitt produksjonstilskott til ei rad frie sceniske grupper, utanom forsøket i Aust-Agder. Rådet har prioritert denne støtta til grupper som ikkje har fått tilskott frå departementets avsetjing til frie grupper.

Kulturnytt, prisar m.m.

Posten Andre formål dekkjer også Kulturfondets tilskott til drifta av tidsskriftet *Kulturnytt* i ein overgangsperiode. Like eins blir ærespriisen og omsetjarprisen dekt av denne posten. Det gjeld også omkostningane ved husleigegarantien for Militærhospitalet. Det er dessutan gitt løyving om midlar frå denne posten til innkjøp av administrativt datautstyr til sekretariatet i rådet.

Generelt


Denne avsetjinga er rådets eigen disposisjonspost. Det er i hovudsak denne avsetjinga som gjer det mogeleg for rådet å ta nye initiativ, prøve ut tiltak og idear som det elles er vanskeleg å få midlar til. Mange av søknadene til Kulturfondet fell utanfor dei etablerte kategoriane og tilskottsordningane. Ofte er det nett desse søknadene som kan føre fram spanande og viktige forslag som rådet bør satse på.

Rådet har såleis kvart år prøvd å få denne avsetjinga så romsleg som mogeleg. Rådet må vite at det har handlegfridom stor nok til å kunne satse, også når det er uvisst om satsinga vil bli vellukka.

Teaterformål

Rådet har i 1986 hatt fleire større prøveprosjekt gåande. Det gjeld *barneteaterprosjektet i Hordaland*, eit samarbeidsopplegg med Hordaland fylkeskommune, der ein tek sikte på å utvikle teatertilbod for og med barn. Forsøket har til no gitt nyttige røynsler.

Det Apne Teater er eit anna forsøk der dramatikarar, sceneinstruktørar og skodespelarar arbeider saman i ein «verkstad» for å få fram meir og betre ny norsk dramatik. Det skal samstundes vere eit tilbod for forfatarar som vil ha framført sine verk. Prosjektet kom i gang hausten 1985 og ser ut til å bli vellukka, etter det ein kan sjå.



Det Åpne Teater er eit forsøksprosjekt som tek sikte på å styrkje kontakten mellom dramatikarar, instruktørar og skodespelarar. I tillegg til samtalar om og utprøving av nyskrivne stykke, produserer Det Åpne Teater og fullt ferdige framсыningar med ny norsk dramatik. På bileta instruerer Stein Winge skodespelet «Hotell Hedon» av Erling Pedersen, medan observatørar er aktivt med i vurderinga av stykket.



Utval, utgreiingar og publikasjonar

Til finansiering av utvalsarbeid (utanom honorar til medlemne og frittstående konsulentar) var det i 1986 avsett 1,1 mill kr. (1985: 1 mill kr.)

Desse midlane var fordelt slik:

	<u>Avsetjing:</u>	<u>Rekneskap:</u>
Faste utval	kr 450 000	kr 516 770
Andre utval og utgreiingar	kr 500 000	kr 464 637
Trykking av publikasjonar	kr 150 000	kr 108 452
Til saman	kr 1 100 000	kr 1 089 859

Administrasjon

Av fondsmidlane vart 2,8 mill kr avsette til administrasjon i 1986. (1985: 2,7 mill kr.) Lønnsutgifter er førte opp på ein særskild post på statsbudsjettet, kapitel 376 post 01.

	Avsetjing:	Rekneskap:
Inventar og utstyr	kr 350 000	kr 62 907
Kontorutgifter	kr 380 000	kr 506 194
Reiser	kr 310 000	kr 344 527
Representasjon	kr 15 000	kr 4 096
Hus, lys og brensel	kr 1 450 000	kr 1 446 322
Reinhald	kr 165 000	kr 125 346
Moteutgifter	kr 115 000	kr 106 831
Diverse	kr 15 000	kr 18 043
Til saman	kr 2 800 000	kr 2 614 266

Posten lønn og godtgjersle:

Organiserte stillingsheimlar	kr 2 586 000	kr 2 262 921
Ekstrahjelp	kr 229 000	kr 344 490
Styre, råd og utval	kr 809 000	kr 1 506 106
Trygder	kr 609 000	kr 22 638
Til saman	kr 4 233 000	kr 4 136 155

Militærhospitalet slik det står gjenreist på Grev Wedels plass i Oslo. Her har m.a. Norsk kulturråd sine lokaler. (Samfoto)



Prisvinnarar 1986

Den årlege utdelinga av Norsk kulturråds to prisar skjedde ved eit større arrangement i Oslo Konserthus Lille sal 11. desember. Æresprisen var eit grafisk blad av ein norsk kunstnar, samt kr 75 000. Omsetjarprisen var på kr 25 000.

Æresprisen

Æresprisen for 1986 vart gitt til vitenskapsmannen og forfattaren Helge Ingstad. Han er særleg kjend for sitt arkeologiske arbeid på Newfoundland. Her slår han fast at det var norrøn busetnad her i vikingtida og at det amerikanske kontinentet vart oppdaga og fekk varig busetnad av nordmenn.

I grunngjevinga for denne tildelinga seier Kulturrådet m.a.:

«Helge Ingstad har gjort meir for å få norsk kulturarbeid kjent og akseptert utanfor landets grenser enn kanskje nokon annan levande nordmann.

Dessutan har hans virke vore uvanleg mangesidig, frå sportsleg innsats, til kulturvern og forskning på mange område. Også skjønnlitterært forfatterskap kan Ingstad sjå attende på. Eit drama av Ingstad er til og med oppført på Nationaltheatret.»

Omsetjarprisen

Denne prisen vart gitt til forfattaren Halldis Moren Vesaas. Ho fekk prisen først og fremst for det store arbeidet med å omsetje og gjendikte både dramatiske verk, lyrikk og barnebøker. I grunngjevinga seier rådet også at Moren Vesaas i dette arbeidet ofte har utvida det kunstnarlege bruksområdet for nynorsk språk. Kulturrådet seier m.a. dette om Moren Vesaas sitt arbeid:

«I heile hennar omsetjargjering har Halldis Moren Vesaas vist suverent innsyn i kvar diktar sitt særmerkte språk og stil og klart å aktualisere



stoffet på eit naturleg vis og ført det inn i vår tid.»

I samband med prisutdelinga vart det vist ei foto-utstilling frå eit prøveprosjekt som er kalla «Musikktilbod for funksjonshemma». Forsøket er finansiert med midlar frå Kulturfondet (50%) og er nærare omtala i musikkapitlet.

Helge Ingstad fekk i 1986 Norsk kulturråds ærespris. Halldis Moren Vesaas fekk omsetjarprisen, og her er dei fotograferte i samband med prisutdelinga i desember.

(Foto: NTB)

Råd og utval

Norsk kulturråds medlemar og varamedlemar

Oppnemnd ved kongeleg resolusjon for perioden 1985 - 1988. I lista er personlege varamedlemar oppført i parentes.)

Oddvar S. Kvam, Oslo, formann (Petter Pettersen, jr., Molde)
Eilert Eilertsen, Bergen, varaformann (Ivar Grimsmo, Oslo)
Finn Christensen, Oslo, (Johan H. Stenersen, Oslo)
Håkon Fimland, Førde (Anne Borg, Oslo)
Jan Henry Kesitalo, Kautokeino (Inger Marie Hætta Eikermann, Kautokeino)
Åse-Marie Nesse, Oslo (Birgit Gjernes, Oslo)
Birgitta Rønnestad, Molde (Finn Kvalem, Oslo)
Alf Skåum, Porsgrunn, (Elsa Jonassen, Vadsø)
Olina Storsand, Trondheim, (Gudmund Hytten, Grimstad)

Oppnemnde av Stortinget:
Henrik Bargem, Arendal, (Bjørn Aarseth, Bærum)
Knut Berg, Oslo, (Gerd Råheim, Ålesund)
Reidun Berg, Oslo, (Karin Husøy, Åndalsnes)
Guttorm Hansen, Namsos, (Arnfinn Engen, Lillehammer)

Møte i råd og arbeidsutval

Rådet hadde 6 møte i 1986. Eit møte vart halde på Færøyane kring månadsskiftet mai/juni. Vitjinga på Færøyane kom i stand etter at Landstinget her inviterte rådet til ei omvising og til møte med kulturarbeidarar og -politikarar.

Medlemar av arbeidsutvalet i 1986 var: Oddvar S. Kvam, Eilert Eilertsen, Olina Storsand (med vara: Henrik Bargem), Knut Berg (med vara:

Birgitta Rønnestad) og Reidun Berg (med vara: Guttorm Hansen).

Arbeidsutvalet har halde 7 møte i 1986. Av desse var to skriftlege. Arbeidsutvalet gjer m.a. vedtak i tilsetjingssaker og kan handsame søknader og gi løyvingar på inntil kr 100 000. I tillegg førebur arbeidsutvalet større saker for rådet.

Utval oppnemnde av rådet

Rådet har oppnemnt faglege underutval til å førebu og gi tilråding om løyvingar, lage utkast til fråsegner m.m. I tillegg har rådet ei rad mellombels utval til ulike utgreiingar, aksjonar og forsøksverksemdar.

Faste utval o.l.

1. Det faglege utval for litteratur og allmenne tidsskrift:
Guttorm Hansen, leiar, *Åse-Marie Nesse*, nestleiar, *Edvard Beyer*, *Anne-Mari Hole* Borgen, *Arne Hannevik*, *Sigrid Hernes*, *Olav Vesaas*. Observatør: *Bibliotekdirektør Else Granheim*, *Statens bibliotektilsyn*.
2. Dettfaglege utval for barnekultur:
Håkon Fimland, leiar, *Henrik Bargem*, nestleiar, *Kine Aune*, *Trine Kolderup Flaten*, *Guri Mette Vestby*.
3. Ankenemnda for innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur:
Asmund Lien, leiar, *Karin Moe*, nestleiar, *Nils-Tore Andersen*, *Aase Gjerdrum*, *Einar Økland*.
4. Ankenemnda for innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker:
Idar Stegane, leiar, *Sissel Lange-Nielsen*, nestleiar, *Nils-Tore*

Andersen, *Halfdan Kielland*, *Annie Riis*.

5. Ankenemnda for dramatiske verk for dei to innkjøpsordningane for skjønnlitteratur:
Klaus Hagerup, leiar, *Tordis Ørjasæter*, nestleiar, *Bjørn Granum*, *Magnhild Aalen*.
6. Det faglege utval for musikk:
Oddvar S. Kvam, leiar, *Reidun Berg*, nestleiar, *Kjell Mørk Karlsen*, *Åse Kleveland*, *Arvid Vollsnes*.
7. Det faglege utval for biletkunst og kunsthåndverk:
Finn Christensen, leiar, *Alf Skåum*, nestleiar, *Konrad Mehus*, *Helga Norland*, *Zdenka Rusova*, *Helge Røed*, *Hild Sørby*.
8. Underutval for kunstnarleg utsmykking:
Finn Christensen, leiar, *Inger Johanne Brautaset*, nestleiar, *Olav Herman Hansen*, *Kari Kjode*, *Axel Tostrup*, *Tone Vigeland*.
9. Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst og kunsthåndverk:
Karin Hellansjø, leiar, *Kristian Gaudernack*, *Hanne Heuch*, *Børre Larsen*, *Jennifer Lloyd*, *Christian Montarou*, *Anna Sophie Rodin*, *Espen Tveit* (til 1.5.86), *Per Berntsen* (frå 1.6.87), *Karin Valum*.
10. Det faglege utval for kulturvern:
Knut Berg, leiar, *Arnfinn Engen*, *Gullik Kollandsrud*, *Birgitta Rønnestad*, *Olina Storsand*. Riksantikvaren og Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har kvar sin representant med observatørstatus.

11. Det faglege utval for samisk kultur:
Inger Marie Hætta Eikermann, leiar, Jan Henry Keskitalo, nestleiar, Jon Eldar Einejord, Kirsten Berit Gaup, Ivar Jåks (til 1.6.86), Aage Gaup (frå 1.6.86), Trygve Madsen, Nils-Henrik Måsø, Evelyn Olsen-Lid, Sig-Britt Persson Toven. (Frå 1.6.86 bytte leiar og nestleiar funksjon.)

12. Det faglege utval for kulturbygg:
Olina Storsand, leiar, Gaute Balasrud, Ulf Colbiørnsen.

13. Stiftelsen Militærhospitalet:
I styret for stiftinga er rådet representert ved Knut Berg og Hans Stokland.

Mellombels utval o.l.

1. Aksjonsleiinga for barnebokaksjonen 1986:
Trine Kolderup Flaten, leiar, Hans Petter Foss, Torill Thorstad Hauger, Trygve Johansen.

2. Utgreiing om faglitteraturens stilling i Noreg:
Ei arbeidsgruppe med Kjølsv Ege-land og Kristian Ottosen vart i 1984 oppnemnd for å greie ut om faglitteraturens stilling og vurdere eventuelle stønadsordningar. Gruppa leverte si innstilling våren 1986. (Sjå også kapitlet om rådets fråsegner og utgreiingar.)

3. Innkjøpskomiteen for nye norske fonogram:
Komiteen vart oppnemnd 1985 for å vurdere søknader om innkjøp under forsøksordninga med offentlig innkjøp og distribusjon av nye norske fonogram. Forsøket er tre-årig og vil gå ut 1987. Norsk Musikkinformasjon administrerer ordninga. I komiteen sit:

Sven Nyhus, leiar, Erik Hillestad, Eva Knardahl, Barry Matheson, Anne Grete Preus, Synne Skouen (til 4.2.86), Morten Thomte, Lasse Thoresen (frå 4.2.86).

4. Utgreiingsutvalet for alternativt musikkteater: Utvalet vart oppnemnt 1985 for å vurdere føresetnadene for ei eventuell etablering av eit alternativt musikkdramatisk miljø utanfor Den Norske Opera. Oddvar S. Kvam, leiar, Eivind Bøksle, Per E. Fosser, Eldbjørg Hogstad, Finn Kvaalem, Agnes Randers-Pehrson, Willi Postma.

5. Utgreiingsutvalet for nytt ballett-/danseensemble: Utvalet vart oppnemnt 1985 for å vurdere økonomiske og praktiske sider ved ei eventuell etablering av eit nytt ballettensemble utanfor Den Norske Opera. Utvalet leverte si utgreiing i november 1986, (sjå også kapitlet om rådets fråsegner og utgreiingar). Anne Borg, leiar, Inger Lise Eid, Knut Vigar Hansen, Kåre Kjølle.

6. Utvalet for teknisk og industrielt kulturvern: Utvalet vart oppnemnt i 1983 for m.a. å registrere og utarbeide ein plan for vern av tekniske og industrielle anlegg. I 1986 har desse vore med i utvalet: Olina Storsand, leiar, Gunnar Gregersen, Torleif Lindtveit, Kari Hoel, Finn Rafn, Jan Didriksen, Riksantikvaren (observatør).

7. Referansegruppa for utgreiinga om kulturtidsskrifta: Gruppa vart oppnemnd i 1986 i samband med at rådet starta eit større utgreiingsarbeid om stoda for dei norske tidsskrifta. (Det er engasjert ein konsulent til dette opp-

draget.) Referansegruppa er samansett av: Olav Vesaas, Ottar Grepstad, Eva Bryn og Karin Lagerquist.

8. Planleggingsgruppa for barnekulturkonferansen 1987: Gruppa vart oppnemnd i 1986 for å utarbeide målsetting og opplegg for ein større barnekulturkonferanse som rådet skal arrangere våren 1987. Gruppa er samansett av: Håkon Fimland, leiar, Greta Billing, Siri Bjerke, Brit Sigfrid Bækkevold, Lise Grette, Oddvar S. Kvam, Lars Møllerud, Johan Sæbø (vara: Kari Tangen), Brit Vingelsgaard Ryen (vara: Olav Lindahl) og Guri Mette Vestby. Victoria Lund er engasjert som sekretær for gruppa.

Kontakt med andre organ

Rådets administrasjon

Norsk kulturråd har som tidlegare hatt kontakt med ei rad departement, institusjonar og organisasjonar. M.a. kan nemnast Norges Allmennvitenskapelige Forskningsråd, Riksantikvaren, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, Statens museumsråd, Statens kulturminneråd, Statens bibliotektilsyn, A/L Biblioteksentralen, Statens bygge- og eiendomsdirektorat, Utsmykingsfondet for nye statsbygg, Norsk Musikkinformasjon, Norsk Kassettavgiftsfond og Norske Kommuners Sentralforbund.

I tillegg må ein ta med at rådets administrasjon har hatt samarbeid med Statens Rasjonaliseringsdirektorat i 1986 for å få fagleg hjelp i samband med kjøp av EDB-utstyr.

Rådet har i 1986 også vore representert ved ei rekkje arrangement landet over, og rådet har hatt medlem i juryen for Norges Allmennvitenskapelige Forskningsråds pris for populærvitenskapleg innsats (Edv. Beyer). Rådet har også hatt ein plass i Utanriksdepartementets råd for kultursamarbeid med utlandet (Kvam), i Statens byggeskikkutval (Gullik Kolandsrud) og i representantskapet for Henie-Onstad-museet (Kvam). Dessutan har direktøren møtt i ei arbeidsgruppe som har vurdert ei oppfølging av NOU 1985:12 Kultursamarbeid med utlandet.

Rådet har i 1986 hatt 14 faste stillinger i administrasjonen og fire sakshandsamarar i mellombels stillingar.

Direktør:
Halvdan Skard

Kontorsjef:
Hans Stokland

Sakshandsamarar:
Karin Bakken
Mari Finess
Erik Landmark
Erik Prost
Aage Solbakk
Inger Steen-Nielsen
Ragnfrid Stokke
Marit Øvrebø

Kontor og rekneskap:
Inger Flateby
Kari Hilden
Reidun Renstrøm

Ekstrahjelp:
Irmelin Brinchmann
Monica Færði
Gerd Golombæk

I tillegg har rådet til disposisjon fire tidsavgrensa stillingar, som i 1986 har vært nytta til:

- Utgreiing om behovet for kulturstatistikk
- Utarbeiding av verneplan for tekniske kulturminne
- Utgreiing om tidsskrifta sin situasjon i Noreg
- Forsøk med informasjonsmedarbeidar for Kulturrådet

Vedtekter, retningslinjer og reglement

Vedtekter for Norsk kulturråd

Fastsette av Stortinget 19. juni 1965. (Omsette frå St.prp.nr. 130, 1964-65.)

§ 1.

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kultur-goda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningslinjer som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for rådet.

§ 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

Retningslinjer for bruken av midlar frå Norsk kulturfond

Fastsette av Stortinget 19. juni 1965.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at rådet skal leggje særskilt vekt på:

- Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- Tiltak til å fremje norsk musikk.
- Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentlig utsmykking.

- Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis g betre høve til vidare utdanning.
- Kulturverntiltak, såleis g vern av samisk kultur.
- Stønad til finansiering av kulturbygg.
- Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrere utforming av omgivnaden vår.
- Tiltak som kan gi letta tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsmd for dei verde den gir.
- Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubilé og minnehøgtider, og større eingongsturnear frå kunst-institusjonar.

Reglement for Norsk kulturråd

Fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965, med endring av 24. september 1976.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 1.

Rådet skal ha 13 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnst av Stortinget og 9 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. To av dei 9 medlemmene med varamenn skal oppnemnst etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund. Alle oppnemningane gjeld for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan g setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller når 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst halvta av medlemmene er til stades. Ved røystinga blir sakene avgjorde ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for rådet i neste møte.

§ 7.

Utgifter til rådsmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

Løyvingar og innkjøp

Litteratur

Under einskilde avsnitt er desse forkortingane nytta for norske forlag:

Alterra = Alt, Ansgar = Ans, Antropos = Antr, Arbeidern = Arb, Aschehoug = Asch, Atheneum = Athe, Aventura = Aven, Bladkompaniet = Blad, Blaasvær = Blaa, Bok- og Magasinforlaget = Bok, Cappelen = Cap, Det Norske Samlaget = DNS, Dreyer = Drey, Dreyer Bok = DrB, Ex Libris = ExL, Fagbokforlaget = Fagb, Falken = Falk, Fonna = Fon, Fædrelandsvennen = Fædr, Grøndahl = Grøn, Gyldendal = Gyld, Landbruksforlaget = Land, Lofotboka = Lofo, Lunde = Lun, Luther = Luth, Midas = Mid, Nidaros = Nida, Nordvest = Nord, Norsk Barneblad = NoB, Norsk Bokreidinslag = NBI, Norsk Forfattersentrum = NFs, Oktober = Okt, Paul T. Dreyer = PTD, Rosa & Svart = R&S, Solum = Sol, Tiden = Tid, Universitetsforlaget i Oslo, Stavanger og Tromsø = h.h.v. UniO, UniS og UniT.

Innkjøpte titlar på innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur 1986

PROSA

Forfatter-Tittel	Forlag
Aga, Hanne – <i>Sorg</i>	Samlaget
Alnæs, Karsten – <i>Sjøgossen</i>	Aschehoug
Ambjørnsen, Ingvar – <i>Hvite niggere</i>	Cappelen
Andersen, Roy – <i>Stein og jord</i>	Cappelen
Antologi – <i>En håndfull fortellerkunst</i>	Eide
Antologi – <i>Prosadebut 1986</i>	Aschehoug
Antologi – <i>Signaler 86</i>	Cappelen
Askelund, Jan – <i>Løva brøler i bushen</i>	Samlaget
Baugstø, Line – <i>Reise i gult lys</i>	Gyldendal
Berge, Solveig B. – <i>Hus i natte</i>	Samlaget
Bing, Jon – <i>Hvadatta?</i>	Grøndahl
Bjørnstad, Ketil – <i>G-moll balladen</i>	Gyldendal
Brekke, Toril – <i>Sølvfalken</i>	Oktober
Brekstad, Kolbjørn – <i>Larm</i>	Eget forlag
Brodin, Elin – <i>Ulvinnen</i>	Aschehoug
Büyükkakan, Annelita – <i>Fabula rasa</i>	Gyldendal
Carling, Finn – <i>Lille Orlando</i>	Gyldendal
Collins, M.M. – <i>I satin over Styx</i>	Rosa/svart
Dahl, Arild – <i>Svevet over Haukeli</i>	Samlaget
Dahl, Tor Edvin – <i>Josef kommer hjem</i>	Cappelen
Dahle, Ingebrigt – <i>Før daggry</i>	Luther
Dang Van Ty – <i>Hjemreisen</i>	Eget forlag
Detaccio, Agro (pseud.) – <i>Korsika! Korsika!</i>	Ars
Dyrnes, Lillian Eltvik – <i>Mitt skip er lastet med</i>	Samlaget
Engelstad, Carl Fredrik – <i>De levendes land</i>	Aschehoug
Eskeland, Benedicte – <i>Dagen og veien</i>	Gyldendal
Ewo, Jon – <i>Det sies at oktober er en fin måned</i>	Cappelen
Farestveit, Åsmund – <i>Berserken og mor hans</i>	N. Bokr. lag
Fløgstad, Kjartan – <i>Det sjuaande klima</i>	Samlaget
Frobenius, Nikolaj – <i>Virvl</i>	Gyldendal
Furseth, Astor – <i>Ei natt i Eden</i>	Samlaget
Gjelsvik, Erling – <i>Stormsvalene</i>	Gyldendal

Gjesdahl, Sven – <i>Vinterkjærlighet</i>	Rosa/svart
Grimstad, Ivar – <i>Sigrids saga</i>	Samlaget
Grydeland, Svein E. – <i>Når villdyret slokner</i>	Eget forlag
Grytten, Frode – <i>Dans som en sommerfugl</i>	Aschehoug
Gulliksen, Geir – <i>Mørkets munn</i>	Aschehoug
Gaarder, Jostein – <i>Diagnosen</i>	Aschehoug
Hamsun, Tore – <i>Mørk himmel over Puerto Bravo</i>	Gyldendal
Haslund, Ebba – <i>Spurv i hanedans</i>	Aschehoug
Hauge, Wenche – <i>Det nattblinde folket</i>	Samlaget
Hauger, Torill T. – <i>I Dorotheas hus</i>	Gyldendal
Hauken, Aage – <i>De ti bud</i>	Aventura
Haxthow, Egil – <i>Diamanter og hakekors</i>	Solum
Heggland, Johannes – <i>I syndefallets teikn</i>	Gyldendal
Hellesnes, Jon – <i>Den postmoderne anstalten</i>	Gyldendal
Helleve, Dag – <i>Vegen til Molde</i>	Samlaget
Henriksen, Vera – <i>Runekorset</i>	Aschehoug
Hjort, Vigdis – <i>Gjennom skogen</i>	Cappelen
Hofsø, Ellen – <i>Asalias fall</i>	Pax
Hussain, Khalid – <i>Pakkis</i>	Tiden
Haavardshold, Espen – <i>Roger. Gult.</i>	Oktober
